

**Saksframlegg**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	3/25	30.01.2025

**Kulturminneplan - Nissedal - Utkast til høyring/offentleg ettersyn**

## Vedlegg

- 1 Kulturminneplan samla - høyringsutkast til 1.g. beh. i formannskapet
- 2 Vedlegg 8.2, Registrerte husmannsplassar
- 3 Vedlegg 8.3, registrerte støylar
- 4 Vedlegg 8.4, kart Nissedal 1848
- 5 Vedlegg 8.5, Vestlandsbanens alternativ 1891 og 1898
- 6 Kulturminneplan for Nissedal kommune Disposisjon - høyringsutkast - merknader
- 7 Høringssvar kulturminneplan Sveinung Seljås.pdf
- 8 Høringssvar Kulturminneplan Nissedal kommune
- 9 Høyring kulturminneplan
- 10 Uttale - Vedtak N - Kulturminneplan - Varsel om oppstart - Nissedal kommune.PDF
- 11 Vedlegg, fakta-ark, kart og foto for kvart objekt, ikkje førebels lagt inn bokmerke.  
Dette må lastast ned som eigne dokument, del 1 og del 2.

<https://www.nissedal.kommune.no/politiske-utval-innkallingar-protokollar.486399.nn.html>

**Fakta i saka:**

Føreordet i plandokumentet viser gangen i planprosessen til nå. Tanken bak registreringane som blei sett i gang, var å få ei så fullstendig oversikt over kulturminna i kommunen som råd. At dette ikkje heilt lukkast, må tilskrivast omfanget ei slik registrering ville fått, og også sett i samanheng med dei ressursane kommunen har hatt til disposisjon.

Til varselet om planoppstart, annonsert/sendt ut 26.10.23 kom det fire tilbakemeldingar, frå Torgeir Nordal, Nissedal skogeigarlag, Lars G. Veum og Vestfold og Telemark fylkeskommune. Innspela ligg som vedlegg til saka, og er i stor grad kommentert i sjølve plandokumentet. I vurderingsavsnittet blir det likevel gitt nokre supplerande kommentarar.

Planen skal nå sendast på høyring/leggast ut til offentleg ettersyn. I den grad innhaldet skal omarbeidast, bør dette skje ved gjennomgangen i formannskapet nå, før planen blir sendt på høyring.

Etter høyringsrunden blir planen lagt fram for formannskapet og kommunestyret til endeleg godkjenning.

**Vurdering:**

Sidan planen ikkje bygger på ei fullstendig registrering av kulturminna, har det vore viktig for kommunedirektøren å presentere registreringa i ei form som gjer det mogleg både å ajourføre

og å supplere desse registreringane. Kwart kulturminneobjekt innom dei ulike tema har fått sitt fakta-ark med sitt unike nummer. Til dømes startar registrerte støyalar med bokstav-kombinasjonen STØ, temaet husmannsplassar med HUS osv. Deretter fylgjer eit seks-sifra nummer. Dei to fyrste nummera er gardsnummeret (intervall 01-49), dei tre neste er bruksnummeret (intervall 01-400) og det siste er talet på objekt på eigedomen innom det gitte temaet. Tabellane i planen og fakta-arka med vedlegg (kart og foto), vil slik sett vere enkle å vedlikehalde/utvide.

Fylkeskommunen uttalar at disposisjonen til planen gir inntrykk av ein ganske objekt- og funksjonsfokusert kulturminneplan. Her kunne fylkeskommunen ønskt eit større fokus på kulturmiljø i staden for objekt. Kommunedirektøren har delvis tatt dette til fylgje ved å innarbeide fire område som særlege kulturmiljø. Det gjeld området Høgfoss, Tveitsund (Treungen sentrum), Kyrkjestaden i Nissedal med omland og Søftestad gruver. Det var derimot ikkje aktuelt å gå tilbake på objektregistreringa. Til det var den alt godt i gang, og det innsamla materialet gir eit godt inntrykk av situasjonen for dei ulike tema-gruppene. Ei slik oversikt ville også truleg blitt etterlyst, jf. at fleire kommunale kulturminneplanar nettopp konkluderer med at det må utførast nye objekt-registreringar.

#### **Kommunedirektørens tilråding:**

Nissedal formannskap sender vedlagte utkast til Kulturminneplan for Nissedal 2025-2032 ut på høyring/legg han ut til offentleg ettersyn. Frist for tilbakemelding blir sett til 28.02.2025.

#### **Saksprotokoll i Formannskapet - 30.01.2025**

#### **Behandling:**

Samrøystes for kommunedirektøren si tilråding.

#### **Vedtak:**

Nissedal formannskap sender vedlagte utkast til Kulturminneplan for Nissedal 2025-2032 ut på høyring/legg han ut til offentleg ettersyn. Frist for tilbakemelding blir sett til 28.02.2025.